

Protokoll

Årsmøte i Rogaland Ungdomslag

Stad: Klepp

Dato: 16. mars 2019

Styreleiar, Jostein Apeland, ønska velkomen til årsmøte.

Håvard Ims opnar årsmøtet med å spele ein reinlender på toradaren sin.

Mette Vårdal helsa årsmøtet (via film).

Sak 1 Godkjenning av innkalling, sakliste og stemmerett

Vedtak: *Årsmøte godkjenner innkalling, sakliste og stemmerett med desse merknadene:*

Innkallinga er ikkje sendt til bunadsnemnda og PUH-kontakt.

Tal røysteføre i salen inkludert 5 frå fylkesstyret: 15

Tal gjester: 0

Tal lokallag representert: 4

Sak 2 Val av ordstyrar, referent, to til å skrive under møteprotokoll og teljekorps

Vedtak:

Ordstyrar: Bjarte Holmedal

Referent: Synnøve Jørgensen

To til å skrive under møteprotokollen: Ellen W. Liestøl og Ingrid Oftedal Gjesdal

Teljekorps: Vigdis Horsfjord og Leif Strand

Sak 3 Årsmelding 2018

Eli Anna Gudmundsen frå fylkesstyret la fram årsmeldinga for 2018.

Desse tok ordet i saken:

Lene Merethe M. Lønning, HMU: Bør endre tittel på PUH-kontakt.

Eli Olsen, Bunadsnemnda i RU: Eli Olsen deltok på årsmøtet i RU 2018.

Eli Anna Gudmundsen, styret: Det blei ikkje arrangert kvedarkurs i Haugesund i 2018.

Eli Olsen, Bunadsnemnda: Bunadsnemnda hadde kurs på våren med 7 deltakarar, samt på hausten med 7 deltakarar. Bunadsnemnda har vore til stades på 11 bunadskafearrangement i Stavanger museum. Bunadsnemnda har fått forspurnad om å sy ein modellbunad til ny utstilling på Bunad og folkedraktrådet på Fagernes. Dette arbeidet er godt i gong, og skal vere ferdig til september 2019.

Vedtak: *Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2018 med desse merknadene.*

Sak 4 Rekneskap 2018

Arnliot Corneliusen frå fylkesstyret la fram rekneskapen med revisormelding for 2018.

Desse tok ordet i saken:

Håvard Ims, styret: Me har fått ein eingongsum på nesten ein million. Det er lagt nokre føringar frå NU på korleis desse midlane skal brukast. Me har kjøpt inn langeleikar, men har ikkje sagt noko meir om korleis me skal bruke desse pengane. Det er verdt å merke seg at ordinær driftsresultat er eit underskot på 110 000.

Ellen W. Liestøl, HMU: Dei 6 langeleikane bør inn som eigendel i balansen. Då har me oversikt over eiga.

Jostein Apeland, styret: Me kan ha med ein oversikt over eigendeler i årsmeldinga kvart år.

Ole Jan Olsen, BUL Stavanger: overføring

Ingrid Oftedal Gjesdal, Klepp Leikarring: Kan nokon fortelje litt om pengane frå NU og Ungdomshuset som er solgt?

Jostein Apeland, styret: I samband med sal av huset som nedlagte UL Heimly var deleigar i. Lang historie kort: Her blei det rettsak (NU engasjerte advokat) og dette er resultatet.

Arnliot Corneliusen, styret: Jostein har gjort ein stor opprydding i denne saken. På grunn av denne innsatsen hadde ikkje RU fått midlane.

Vedtak: *Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2018 med eit overskot på kr 888 601, 31 og tek revisormeldinga til orientering.*

Sak 5 Arbeidsprogram for 2019

Håvard Ims frå fylkesstyret la fram styret sitt forslag til arbeidsprogram for 2019.

Desse tok ordet i saka:

Leif Strand, Klepp Leikarring: Kva fristar er det ein skal informere meir om?

Håvard Ims, styret, svarer: Dette gjeld både fristar for RU og lokallaga.

Ingrid Oftedal Gjesdal: Korleis kan me få fleire til å møte på årsmøtet 2020? Kan ein til dømes legge eit ha eit tema eller miniseminar til årsmøtet? Det står i arbeidsprogrammet at RU tilbyr instruktørar, men kven er dette?

Jostein Apeland, styret svarer: NU har reiseinstruktørordning. RU vil gjerne formidle kontakinformasjon og stimulere lokallaga til å ta i bruk denne ordninga.

Ellen W. Liestøl: NU skreiv om reiseinstruktørordninga i siste nyhende-brev. Fristen var i september.

Håvard Ims, styret: Me har ingen sertifisering av instruktørar lenger.

Eli Anna Gudmundsen, styret: Det er mange moglegheiter, men kanskje me burde hatt og delt ein betre oversikt?

Ingrid Oftedal, Gjesdal, Klepp Leikarring: Saknar instruktørmeldinga ein før sendte inn til NU. Dette ga ein oversikt som ein nå manglar.

Bjarte Holmedal, BUL Stavanger: informasjonen når ikkje fram til ressurspersonane i lokallaga.

Eli Olsen, bunadsnemnda: fortalde om dei ulike aktivitetane som nemnda held på med akkurat nå.

Ellen W. Liestøl, HMU: Einig i at ein kan godt legge ein aktivitet saman med årsmøtet.

Jostein Apeland, styret, svarer: Her har styret ikkje fulgt opp, for dette ønska årsmøtet eigentleg i fjor.

Eli Olsen, Bunadsnemnda: fortalte om eit tiltak i Kvinnherad.

Ellen W. Liestøl: Årsmøtet og aktivitet treng ikkje vere ei heil helg.

Eli Anne Gudmundsen, styret: minner om dansekveldane Fuglen.

Jostein Apeland, styret: Kan Fuglen også bli arrangert fleire stader i fylket?

Bjarte Holmedal: Det har vore snakk om å arrangere Fuglen fleire stader i fylket, men det er viktig å etablere konseptet ein stad først.

Jostein Apeland, styret: Kan RU reklamere meir for Fuglen?

Håvard Ims, styret: Veldig kjekt at Fuglen er blitt så kjent konsept. På årsmøtet i 2018 visste nesten ingen kva dette var.

Bjarte Holmedal, BUL Stavanger: Ny teatergruppe for vaksne har oppstart neste veke i BUL Stavanger. Dette er eit samarbeid med Rogaland teaterråd.

Forslag:

Eli Anna Gudmundsen, styret: Me kan lage ein oversikt over instruktørar for Rogaland?

Eli Olsen, bunadsnemnda: Forsette med dokumentasjon av bunadsnemnda sitt arbeid og eiga. Har fått forespørsel frå NU om å lage film.

Ellen W. Liestøl, HMU: Kan RU starte opp ein leikarring på fylkesnivå? Danseøker med instruksjon ca 2 gonger i året.

Vedtak: Årsmøtet vedtek forslag til arbeidsprogram for 2019 med alle tre endringsforslag.

Pause med kake og kaffe.

Lise Meling, BUL Stavanger, spelte to slåttar frå Rogaland på langeleik.

Styret informerte om komande aktivitetar og idéar:

Sommarleir i NU og Skogn, 2.-7. juli 2019. Sjå sommarleiren.no

Omvisning på heimeside til RU. Sjå rogaland.ungdomslag.no

Sommarteaterskule i Sandeid med målgruppe 9-16 år i juni 2019.

Turnéplanar dette året: Stampestuen og Kjærleik og tap. Meir info kjem på rogaland.ungdomslag.no

Sak 6 Revidert budsjett for 2019

Arnliot Corneliussen frå fylkestyret la fram styret sitt forslag til revidert budsjett for 2019.

Desse tok ordet i salen:

Solgunn Liestøl: Det kjem kanskje meir utgifter til både Storkurs og Sommarteaterskule i år?

Ingrid Oftedal Gjesdal, Klepp Leikarring: Hva er definisjonen av et budsjett? Skal vi bruke dette som et styringsverktøy?

Ole Jan Olsen, BUL Stavanger: Kor mykje kan styret gå over budsjett? Finnes det reglar for dette?

Håvard Ims, styret: einig i at dette er eit godt spørsmål.

Arnlot Corneliusen, styret, svarer: Dersom det er i tråd med det årsmøtet ønsker, er det (innanfor visse grenser) greit.

Eli Anna Gudmundsen, styret: Minner om avtalen rundt samarbeidet om Storkurs.

Jostein Apeland, styret: Rammene for styret sitt handlingsrom i forhold til økonomi bør stå i vedtektene.

Vedtak: *Årsmøtet vedtek forslag til revidert budsjett for 2019.*

Sak 7 Budsjett 2020

Arnlot Corneliusen frå fylkesstyret la fram styret sitt forslag til budsjett for 2020.

Vedtak: *Årsmøte vedtek forslag til budsjett for 2020.*

Sak 8 Årspengar for 2020

Arnlot Corneliusen frå fylkesstyret la fram styret sitt forslag til årspengar for 2020.

Vedtak: *Medlemspengane vert uendra. Satsane til Rogaland ungdomslag er:*

Medlem over 26 år: kr. 50,-

Medlem under 26 år: kr. 30,-

Sak 9 Eventuelt Inkomne framlegg

ingen framlegg

Sak 10 Val

Valkomiteen ved Solgunn Liestøl, Midtbygdens UL, la fram innstillinga.

Vedtak:

Styre:

Leiar:	Jostein Apeland	Sandeid UL	Attval: På val i 2020
Styremedlem:	Eli Anna Gudmundsen	HMU	Attval: På val i 2021
Styremedlem:	Håvard Ims	BUL Stavanger	(på val i 2020)
Styremedlem:	Synnøve Jørgensen	BUL Stavanger	(på val i 2020)
Styremedlem:	Solgunn Liestøl	Midtbygdens UL	Ny (på val i 2021)

1. vara	Erling Haraldseid	UL Skjoldafjord	Attval (på val i 2020)
2. vara	Oddmund Skartveit	Rossabø Folkedanslag	Ny (på val i 2020)
3. vara	Bjarte Holmedal	BUL Stavanger	Ny (på val i 2020)

Bunadnemnd

	Daghild Håvardsholm	BUL Stavanger	Attval (på val i 2020)
	Ragnhild U. Ødegaard	BUL Stavanger	Attval (på val i 2020)
	Eli Olsen	BUL Stavanger	Attval (på val i 2020)
	Målfrid Grimstvedt	BUL Stavanger	Attval (på val i 2020)

Kontakt, SAFFRO

	Knut Nymark		attval (på val i 2020)
--	-------------	--	------------------------

Ettersynsfolk:

	Oddvin Emmerhoff	BUL Stavanger	attval (på val i 2020)
	Magne Hope	BUL Stavanger	attval (på val i 2020)

Valnemnd 2020: Haugesund Mållag og Ungdomslag og Klepp Leikarring

Landsmøteutsendingar til NU 2019: Styret får fullmakt til å sende 3 utsendingar til Landsmøtet 2019.

Klepp, 16. mars 2019

Ellen W. Liestøl

Ellen Waage Liestøl

Ingrid O. Gjesdal

Ingrid Oftedal Gjesdal

Synnøve Jørgensen

Synnøve Jørgensen, referent